

# Årsrapport 2010



Konfirmanttime i Bergen.. Foto: Leif Arne Økland



BJØRGVIN BISKOP OG  
BJØRGVIN BISPEDØMERÅD



# Innhold

<b>1.1 BREI VURDERING AV DEN KYRKJELEGE SITUASJONEN I BJØRGVIN BISPEDØME.....</b>	<b>1</b>
<b>1.2 TILSTANDSVURDERING UT FRÅ STRATEGIAR .....</b>	<b>3</b>
Kyrkjeleg statistikk .....	3
Medlemskap .....	4
Kyrkjelege handlingar .....	4
Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet.....	4
Djupdykk i gudstenestestatistikken.....	4
Born og unge og trusopplæring .....	7
Ungdom og lokaldemokrati.....	10
Misjon.....	10
Diakoni .....	10
Integrering og menneske med utviklingshemming .....	10
Forbruk og rettferd .....	11
Kultur og pilegrimsarbeid .....	12
<b>2. KYRKJELEG SEKTOR – TILSTANDSVURDERING I LYS AV RESULTATMÅLA .....</b>	<b>13</b>
2.1 Kyrkjeleg demokrati.....	13
2.2 Trusopplæring .....	14
2.3 Lokalt FoU-arbeid .....	15
2.4 Forbruk og rettferd .....	15
2.5 Kyrkjemusikk .....	15
<b>PRESTETENESTA – OMTALE AV RESULTATMÅLA.....</b>	<b>16</b>
2.6 Geistleg personale .....	16
2.7 Lokale tilhøve og utfordringar .....	19
2.8 Kompetanseutvikling .....	19
2.9 Likestilling .....	20
2.10 Arbeidsvilkår .....	21
2.11 Leiing og samvirke.....	21
<b>3. FORVALTNING .....</b>	<b>22</b>
3.1 Tilskotsforvaltning .....	22
3.2 Økonomiforvaltning .....	22
3.3 Miljøarbeid .....	22
3.4 Bispedømekontoret.....	22
3.5 Forvaltning knytt til kyrkjer og kyrkjegardar.....	24
3.6 Bispedømerådet .....	24
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>26</b>

# **1.1 Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme.**

I Bjørgvin har vi samla oss under denne visjonen, som eg òg vil legge til grunn for årsmeldinga mi: *"Saman vil vi ære Den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd".*

Samstundes vil eg reflektere bispedømerådet si strategiske satsing for perioden 2011 – 2014 der ein har valt ut følgjande to hovudmål:

- *Gudstenesta – navet i kyrkjelyden*
- *Ungdom – vekst i trua*

## **Saman vil vi ære Den treeinige Gud**

### ***Gudstenesta***

er hjarteslaget i trua sitt liv. Gud skal ærast i heile livet, kvardag og sundag. Men på ein særleg måte er gudstenesta staden for å gje Gud den ære han skal ha. Gudstenesta er kjerneverksemda i kyrkja, og dette må speglast i dei prioriteringar som vert gjort, både av prestar og andre tilsette, men òg av bispedømerådet og fellesråda.

Tala for 2010 er førebels ikkje heilt klare, men utviklinga over fleire år gir grunn til ein viss uro. Talet på gudstenester går nedover, og det same skjer med det gjennomsnittlege frammøtet. Sjølv om trusopplæringa dreg nye grupper til kyrkja, aukar ikkje oppslutnaden om høgmessa på sundagen.

Det ser ut som om kjernekyrkjelyden av trufaste kyrkjegjengarar over år anten er blitt mindre eller så går dei sjeldnare. Det er fleire spesielle gudstenester knytt til trusopplæring enn før, og då rekrutterar ein breiare til gudsteneste blant folk som går sjeldnare. Men når kyrkjesøkinga likevel ikkje veks, ser det ut til å vere ein ålmenn

tendens at "den faste gudstenestekjernen minkar", slik prosten i Indre Sogn skriv i si årsmelding. Prosten i Sunnfjord gjev uttrykk for det same når han ser ein trend der "auka medverknad av born og unge fører til større oppslutnad om særskilte gudstenester" mens det vert "færre på 'vanlege gudstenester' både i byane og bygdene".

Det er ei stor glede at nye grupper kjem til kyrkja som ei følgje av trusopplæringa. Utfordringa blir å auka talet på faste kyrkjegjengarar og få dei til å gå oftare! Saman må vi skape ei ny haldning der det å gå til gudsteneste ikkje vert målt på forventa utbytte for den enkelte, men vert forstått som ein stad der kyrkjelyden kjem saman for å gje Gud den æra tilhøyrer Han, og for å styrke kvarandre i trua. På visitasane mine talar eg no alltid om det verdfulle ved å ha gudstenesta som ein fast vane (*rite*) - og ikkje som eit høve som ein vel vekk dersom det ikkje skjer noko særskilt ("event").

For at slike gode vaner skal vekse fram, er det naudsynt med flest mogleg sundagsopne kyrkjer. Det er vanskeleg å skape gode vaner utan eit regelmessig gudstenestetilbod. Dette krev ei omstilling både i løyvingane frå fellesråda, men òg i haldninga blant kyrkjeleg tilsette som i større grad må ta høgde for at dei kan verte kalla ut til meir enn ei gudsteneste på sundagane.

Samtidig ser vi at ein viktig grunn til at talet på gudstenester minkar er at vi er nøydde til å redusera prestetenesta i Sogn og Fjordane for å auka bemanninga i område som veks og at økonomien gjer at ein har færre vikarar enn før. Når det vert for sjeldan gudsteneste står livet i kyrkjelyden i fare for å forvittra. Då vert det vanskeleg å halda fast på den gode målsetjinga om å få folk til å gå oftare på gudsteneste . Ein må spørje seg kor få gudstenester ein kyrkjelyd kan ha, og framleis vere ein kyrkjelyd i rett forstand.

## **Saman vil vi... forkynne Kristus**

### **Trusopplæringa**

har vore og vil framleis vere eit heilt sentralt satsingsområde i Bjørgvin. Her vert grunnlaget lagt for kyrkja si framtid, og reforma gir oss nytt høve til å nå måla våre.

Det er difor mange prosti som vonar det snart blir deira tur til å bli omfatta av gjennomføringsfasa av denne reforma. Etter at det vart kjent at Sunnhordland i 2010 ville få midlar i 2011, er det framleis sju prosti i Bjørgvin på ventelista.

Trusopplæringa gir kyrkjelydane friske pengar, men krev også friske tak både blant lønna og ulønna medarbeidarar. Ikkje minst er det viktig at prestane ser sitt ansvar for å medverke i trusopplæringa, både ved sjølve å ta eit tak i førstelina, og ved å kalle, motivere og utruste friviljuge til å gjere ein innsats.

Samstundes ser vi òg meir og meir at trusopplæringsreforma krev svært mykje av staben ved bispedømekontoret. Vi skal godkjenna planar og rapportar og halda kurs. Her vert Bjørgvin underprioritert ved at vårt bispedøme ikkje får fleire midlar til å administrere reforma ved bispedømekontoret enn det t.d. Møre gjer, dei har under halvparten så mange kyrkjemedlemer.

### **Ungdomen**

etter konfirmasjonstida er den gruppa av kyrkja sine medlemer som utgjer den største utfordringa for oss. Mens vi gjennom trusopplæringa har relativt god kontakt med årskulla fram til konfirmasjonen, så blir dei fleste borte for oss etterpå. Såleis er det berre 39 % av kyrkjelydane som melder at dei har eigne tiltak for denne målgruppa.

Bjørgvin har difor gjort ungdomsarbeidet til vårt andre satsingsområde ved sida av gudstenesta. I tida framover blir det ei

hovudoppgåve for oss både ved bispedømekontoret og lokalt i kyrkjelydane å gi truverdig uttrykk for at denne satsinga er alvorleg meint.

## **Saman vil vi... byggje kyrkjelydar**

Alt som skjer i kyrkja er sjølvsagt med på å byggje kyrkjelyden. Likevel er det mogeleg å tale om kyrkjelydsbygging eller kyrkjelydsutvikling som eit særskilt tema og ei strategisk oppgåve for den lokale kyrkja. Kyrkjelydsbygging kan definerast som *"eit målretta arbeid for å setje kyrkjelyden betre i stand til å vere det han er kalla til å vere, og gjere det han er kalla til å gjere"*.

I februar 2010 arrangerte biskopen og bispedømerådet eit ope seminar om kyrkjelydsutvikling, og dette har eg seinare freista å fylge opp på fleire av dei ulike møteplassane mine. I løpet av 2011 vil vi gå inn i ein ny og meir konkret fase av dette arbeidet. I samarbeid med prosjektet **"Menighetsutvikling i folkekirken"** ved Menighetsfakultetet (MF), vil nokre kyrkjelydar få høve til å bli med på ei treårig reise der ein i samvirke med andre kyrkjelydar og under rettleiing frå MF vil kunne analysere og vidareutvikle livet i kyrkjelyden metodisk og reflektert.

Men før og uavhengig av dette prosjektet, kan eg allereie no seie følgjande på bakgrunn av visitasane mine i kyrkjelydane så langt: Det må til ei helt anna satsing på **gjevarteneste** i kyrkjelydane! Eg er overraska over kor svak den lokal økonomien i kyrkja er, og i kor liten grad kyrkjelyden har midlar og musklar til å nå måla sine. Her må det forkynnast fram heilt andre haldningar! Ei oppegåande gjevarteneste vil òg gjere det mogeleg å la ein større del av takkoffera i gudstenesta gå til bistand og misjon utanfor eigen kyrkjelyd.

## **Saman vil vi... fremje rettferd**

Ein anna stad i denne årsrapporten står følgjande å lese: *"Vi lever i ei tid som vert vurdert som heilt avgjerande i høve til å snu veksten i klimautsleppa og berge framtidige generasjonar frå farlege klimaendringar. Samstundes ser ein at folket ikkje er like motiverte til å endre seg eller tvinge fram politiske endringar. Kyrkja har ein unik sjanse til å gå føre i den omstillinga som må kome, og til å påverke opinionen i rett lei."*

Det er ingen tvil om at dette er ein rett analyse av stoda og av kyrkja si oppgåve no. Først og fremst må vi medverke til å skape ein opinion som gjer det mogeleg for politikarane å motstå populistiske og kortsiktige krav om meir og billegare olje og heller setje i verk radikale og kostnadskrevjande tiltak som fremjar ei omlegging til ikkje-fossile energiformer.

Samstundes må vi halde fram med å feie for eiga dør og få fleire med på prosjektet "grøne kyrkjelydar". Nokre av dei kyrkjelydane som alt er grøne, men som gjerne vil gjere meir, kan bli utfordra til å gå i gang med noko meir omfattande, t.d. eit "Bærekraftig liv"-prosjekt slik det som no skjer i Landås i Bergen.

***Saman vil vi ære Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar, fremje rettferd.***

*Biskop Halvor Nordhaug*

## **1.2 Tilstandsvurdering ut frå strategiar**

### **Hovudmål**

*Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje, som inviterar menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap. Kyrkja skal bidra til å styrkja lokalsamfunn, målbera menneskeverdet og utfordra til solidaritet. Den norske kyrkja skal vera ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.*

### **Styringsparameter**

*Oppslutninga om Den norske kyrkja (medlemer, kyrkjelege handlingar mv.)*

### **Kyrkjeleg statistikk**

Dei offisielle tala frå SSB sin statistikk ligg ikkje føre før i juni, difor har vi bede prostane om å henta inn førebels tal. Desse tala er samanlikna med dei offisielle tala frå 2009, men sidan tala er samla inn på ein annan måte og ikkje er kvalitetssikra må ein ta etterhald om at dette er førebels konklusjonar.

Dei førebels tala tyder på ein auke i talet på sun- og helgedagsgudstenester på om lag ein halv prosent, medan talet på deltagarar går opp med 1,5 prosent. Talet på andre gudstenester har gått ned om lag 8 prosent medan deltakartalet berre har gått ned 5 prosent. Dermed har gjennomsnittsdeltaking sun- og helgedagsgudstenester gått opp frå 100 i 2009 til 101 i 2010 og på andre gudstenester frå 66 i 2009 til 68 i 2010. Den langsiktige tendensen med svakt minking i gudstenestedeltaking viser seg ikkje på desse tala frå 2010.

Nattverdsøkinga er stabil. Gjennomsnittet per nattverdgudsteneste er 35 som dei tre siste åra, men både talet på nattver-

gudstenester og nattverddeltakarar går ned omlag 3 prosent.

Vi har også gjennomført ei eiga “questback”- undersøking om misjonsprosjekt, diakoniplanar og trusopplæringstiltak som vart sendt til alle sokn i bispedømet. 119 av 186 sokn/felles sokneråd svarte. Det vert vist til resultata frå denne undersøkinga ulike stader i årsrapporten.

## Medlemskap

Bjørgvin hadde pr. 01.01.2010 eit medlemstal på 490 145. Det er 83,7 av folketaket, noko som er ein nedgang på 1,7 prosentpoeng sidan 2009.

Det er i 2010 ein stor nedgang i dei førebels tala både for innmeldingar og utmeldingar etter ein auke i tala som nok skuldast kyrkjevalet og utsending av valkort i 2009.

Det var 737 utmeldingar i 2010 mot 1297 i 2009 og 105 innmeldingar i 2010 mot 202 i 2009. Det er om lag nivået for 2008 med 755 ut- og 110 innmeldingar.

## Kyrkjelege handlingar

I 2009 vart 5810 døypte i Bjørgvin og i 2010 ligg det an til 5766, ein liten nedgang på under ein prosent. I 2009 vart 6018 konfirmerte i Bjørgvin og i 2010 ligg det an til 6042, ein liten oppgang på under ein halv prosent. Vigselta er stabile, men med store lokale variasjonar. Etter ein nedgang i 2005 har tala vore relativt stabile og variert mellom 1240-1300, i 2010 var det 1214 mot 1206 i 2009.

## Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet

Sjømannskyrkja opplevde i 2010 at nattverdsbesøket på gudstenestene gjekk opp til 40 355 mot 39 266 i 2009. Talet på nattverdsgjester er meir enn dobla sidan 1996. Gudstenestedeltakinga gjekk litt ned,

frå 114 698 til 108 609. Talet på møte med menneske i utoverretta arbeid var 755 488 mot 768 204 i 2009.


Dei mest besøkte sjømannskyrkjene er Gran Canaria (88 285), Alicante (45 754) og Costa del Sol (36 730).

Når det gjeld gudstenestedeltaking, er frammøtet størst i Alicante (11 926), Gran Canaria (10 433) og Stockholm (6 284).

Sjømannskyrkja har ansvar for Den norske kyrkja si presteteneste på Internett, ”Nettkirken”. Den hadde 71 339 besøk i 2010, det er ein auke på 30 prosent. I tillegg tek stadig fleire kontakt med nettprestane på e-post og chat. Facebooksidene til Sjømannskyrkja er ein ny og populær kanal, der har organisasjonen 34 000 venner pr. 31. desember 2010.

## Djupdykk i gudstenestestatistikken


### Utviklingstrekk 2000-2009




### GRAF: Gudstenestedeltaking - gj. snitt

Tiårsstatistikken for sun- og helgedagar viser ein liten, men jamn nedgang i gjennomsnittleg gudstenestedeltaking (frå 104 i 2000 til 100 i 2009). Det har vore ein nedgang i gudstenester på 7 prosent og ein nedgang i deltakarar på 10 prosent i same

tidsrom. Derimot har nattverdtala vore stabile og viser ein auke i gjennomsnittleg deltaking frå 33 i 2000 til 35 i 2009 sjølv om talet nattverdgudstenester og dermed nattverdgjester har gått ned. Nedgangen i nattverdgudstenester er noko større enn nedgangen i gudstenester generelt så delen av gudstenester som har nattverd er gått ned frå 49 til 45 prosent.



**GRAF: Talet på gudstenester**



**GRAF: Gudstenesteframmøte**

## Fleire går sjeldnare

På bakgrunn av rundspørjing blant prostane og andre er konklusjonen at kjernekirkjelyden av trufaste kyrkjegjengarar er blitt mindre eller at dei går sjeldnare. Samstundes ser ein at det no er fleire spesielle gudstenester t.d. knytt til trusopplæring enn før, og det fører til at ein rekrutterer breiare til gudsteneste blant folk som går sjeldnare. Der gudstenestedeltakinga aukar er ofte forklaringa lokalt at ein aktivt prøvd å nå ut til nye menneske, t.d. aktivisera foreldra i trusopplæringsgudstenester og at ein arbeidar for å involvera nye til oppgåver i og rundt gudstenestene.


Dette er interessant med tanke på ein om eit år skal innføra ny gudsteneسئordning som legg stor vekt på involvering og stadeigengjering av gudstenesta. Difor har ein i planlegginga av kurs for kyrkjelege tilsette i 2011 lagt stor vekt på å få til samhandlig og involvering.

## Tendensar 2005 - 2009

Ved ei samanlikning av gudstenestestatistikkane dei siste ti åra vert det synleg ein markert skilnad mellom 2004 og 2005. (Dette kan også finnast att i KIFO-notat 2/2010, Tilstandsrapport for Den norske kirke 2010, s.10, men er ikkje kommentert). Det skuldast at ein la om statistikken og stilte spørsmåla annleis. Fram til 2004 spurde ein etter hovudgudstenester på sun- og heilagdagar. Frå 2005 har ein spurd etter kor mange gudstenester som totalt vart halde på sun- og heilagdagar. Fram til 2004 spurde ein etter nattverddeltaking separat for hovudgudstenester og andre gudstenester, medan ein frå 2005 berre har spurd etter samla nattverdtal. Dette gjer at det er vanskeleg å samanlikna tala. Difor vil dette djupdykket konsentrera seg om dei fem åra 2005-2009. 2010 vert ikkje tatt med fordi det enno ikkje føreligg tal som er samla inn på same måte.

## Julaftansgudstenester 2005-2009

KIFO-rapporten har sett på ulike typar gudstenester. Her har KIFO tilgang til fleire statistiske opplysningar enn bispedøma, som gjennom SSB berre har tilgang til tal for julegudsteneste. Bjørgvin fylgjer den generelle nedgangstrenden med 8 prosent nedgang frå 267 i 2005 til 247 i 2009, 20 færre på kvar julaftansgudsteneste. Her ser ein at gjennomsnittleg deltaking i Bjørgvin ligg litt under landsgjennomsnittet, men dersom ein deler på fylka ligg Hordaland klart over og Sogn og fjordane under. Ein forklaring på dette er at folketalet i sokna i Sogn og Fjordane er mindre enn i Hordaland.



**GRAF: Gjennomsnitt deltaking på gudstenester julaftan**

## Fylkesskilnader 2005-2009

Statistikken for gjennomsnittleg gudstenestedeltaking per innbyggjar på sun- og heilagdagar (kor mange gonger i året kvar innbyggjar deltek på ei sundagsgudsteneste) viser kor ulikt bispedømet er. I Hordaland har talet vore nesten stabilt med 1,2 i 2005 og 1,1 i 2009 i ein periode med auka folketalsvekst. Men i Sogn og Fjordane har talet gått ned frå 2,0 i 2005 til 1,6 i 2009 i ein periode med lite vekst i folketalet.

I den same perioden har det vorte 12 prosent færre sundagsgudstenester i Sogn og Fjordane medan gudstenestetalet har auka med 1 prosent i Hordaland. I løpet av desse fem åra har det vore ein nedgang på 17 prosent i gudstenestebesøket på sundagar i Sogn og Fjordane medan nedgangen i Hordaland har vore på 5,8 prosent. Gjennomsnittleg gudstenestebesøk har gått ned med 6 prosent i både fylka frå 2005 til 2009 frå 115 til 107 i Hordaland og frå 88 til 82 i Sogn og Fjordane.

Prostane er spurde om årsakssamanhangar og peikar på tre faktorar som spelar inn. Av økonomiske omsyn har ein redusert bruken av vikarar og avviklar prestane sin ferie med dei faste prestane. Det fører til færre gudstenester og mindre kyrkjesøk om sommaren. Effekten av dette er større på bygdene enn i bynære strok med fleire prestar. Der ein har fleire kyrkjer per prest og der prestane til vanleg har meir enn ei gudsteneste i gjennomsnitt per sundag og det er stor avstand mellom kyrkjene er det vanskeleg både for kyrkjelyden å gå i ei anna kyrkje og for prestane å ha særleg mange fleire gudstenester per sundag. Når det slik vert sjeldnare gudsteneste i ei bygd vert og deltakinga meir sårbar, så gjennomsnittet går ned. Ein annan årsak er vakansar, det fører til nedgang i gudstenestebesøk fordi det viser seg at folk går sjeldnare når det er vikarar dei ikkje kjenner. Vakansane har vore mest langvarige i Sogn og Fjordane på grunn av rekrutteringsproblem. I tillegg kjem det at ein har starta prosessen med å redusera talet på prestearsverk i Sogn og Fjordane der folketalet går ned og overføra presteressursane til prosti i Hordaland der folketalet veks og dermed har gjort permanente endringar i lokal gudstenestefordeling for å tilpassa seg presteressursane.

Dette viser at det har lokal kostnader å flytta presteressursar ut frå folketal, det er jo stadig like mange kyrkjer. På stader som

alt har sjeldan gudsteneste er det ei grense for kor lite presteteneste ein kan ha utan at gudsteneste- og kyrkjelydslivet i praksis vert lagt ned.

### **Trusopplæring og gudsteneste**

Får trusopplæringa utslag på gudstenestestatistikken? Her har vi vald å sjå på statistikken for eit mindre prosti, Nordfjord med 29 000 medlemmer som fekk trusopplæringsmidlar i 2008, og for eit stort byprosti, Fana med 69 000 medlemmer som fekk trusopplæringsmidlar i 2009. I tillegg vil vi sjå på Fjell sokn med 18 000 medlemmer som fekk trusopplæringsmidlar i 2006, som er det første store sokn med fullskala trusopplæringsprosjekt..

I Nordfjord prosti med mange mindre sokn på bygdene er det ikkje lesbare utslag på prostiet som heilskap. Dette skuldast små årskull slik at gudstenester rette mot trusopplæring ikkje fører til auke som lar seg skilja frå vanlege variasjonar som t.d. talet på born til dåp og konfirmantkull. Dessutan har prostiet stort sett hatt eit godt fasearbeid frå før, med til dømes utdeling av 4-årsbok, slik at auken i talet på born som er med på gudsteneste ikkje vert så stor etter at dei fekk trusopplæringsmidlar. Ser ein på to av dei største sokna i Nordfjord prosti, Eid og Vågsøy finn ein tendensar til same utvikling som i Fana.

I Fana prosti som har store kyrkjelydar ser ein auke i talet på både gudstenester på sun- og heilagdagar; 6 prosent og andre gudstenester; 34 prosent i 2009 og 2010 i forhold til dei fire føregåande åra. Talet på deltakarar i hovudgudstenesta har ikkje gått opp, men syner ein nedgang på 2 prosent medan talet på deltakarar i andre gudstenester aukar med 6 prosent. Dette er eit typisk uttrykk for måten ein arbeidar på i store kyrkjelydar. Årskulla er så store at ein har spesielle gudstenester for dei ulike fasane.

Talet på nattverdgudstenester i Fana er gått opp med 16 prosent, frå eit gjennomsnitt

på 300 i 2005-2008 til 348 i 2010, og talet på nattverddeltakarar auka med 2 prosent på same tid, så gjennomsnittleg nattverddeltaking har gått ned. Det kan skuldast at ein i større grad inviterer familiar med born og unge til nattverdgudsteneste og at det er vanlegare med nattverd på familiegudsteneste. Fleire melder og at overgang frå ”knelenattverd” til intinksjon fører til auka deltaking.

I Fjell sokn på Sotra like utanfor Bergen ser ein same tendens. Der melder ein at ein gjennom trusopplæringsarbeidet har fått brei kontakt med årskulla og anslagsvis 70 prosent av dei har ikkje tidlegare vore med i kyrkjeleg arbeid.

Gudstenestestatistikken viser nedgang i deltaking på sundagsgudstenester, men stor auke både i andre gudstenester frå 45 med 5109 deltakar i 2005 til 86 med 10592 deltakarar i 2009. Sjølv om 2009 kanskje er eit toppår er det 91 prosent auke i andre gudstenester og 107 prosent i deltakarar på slike på fem år. Også i Fjell ser vi ein auke i nattverddeltakarar, men med sviningar frå år til år avhengig av talet på nattverdgudstenester.

Konklusjonen er at alt no, etter så få år med trusopplæringstiltak ser ein utslag i statistikken i sokn med store medlemstal.

### **Born og unge og trusopplæring**

For resultatindikatorar på dette området, sjå kap. 2.2.

#### **Dei yngste**

Etter fleire år med særskilt satsing på trusopplæring for 0-4 års fasen ser vi at det er etablert mange gode tiltak for denne i gruppa i kyrkjelydane. Babysong har vore eit særskilt populært tiltak som stadig fleire kyrkjelydar er i gang med. I kjølvatnet av babysongtilbod har det også vakse fram fleire knøttekor, og babysong har også rekruttert deltakarar til open barnehage. Kontakten med foreldra i

samband med dåpen, er avgjerande for å skape gode relasjonar mellom heim og kyrkje og gode møtepunkt viser seg igjen i dei yngste si deltaking på kyrkjelyden sine tiltak.



**Foto: Utdeling av CD til toåringar i Søreide kyrkje.**

Mange kyrkjelydar har utvida tilbodet til aldersgruppa 0-4 med til dømes markeringar av dåpsdagar (utdeling av cd, bøker el.l.), utvida tilbod i samband med utdeling av ”Mi kyrkjebok”, dåpsskule, søndagsskule etc. Alle kyrkjelydar i Bjørgvin deler ut 4-årsbok.

Tiltak og idear frå prosjektfasen i trusopplæringsreforma blir også i aukande grad tatt opp kyrkjelydar som enno ikkje har fått midlar. Ein indikator på dette er etablering av tiltak for 6-åringar. 71 prosent av kyrkjelydane våre hadde tiltak for denne målgruppa i 2010 (jf vår eiga questback-undersøking gjennomført i jan 2011).

Bispedømerådet sitt regionale prosjekt ”Gudsrikeleiken”/Godly Play vart avslutta i 2008, men har vist seg å vere levedyktig på eiga hand. Som i 2009 har ein i 2010 gjennomført fleire kurs for instruktørar, både i Bjørgvin og andre stader. Parallelt med eigne kurs vart tredagarskurset frå hausten 2009 del av ein modul i kyrkjelydspedagogutdanninga på Norsk lærarakademi, Sandviken, Bergen.

Barnehagekonferansen 2010 som vart arrangert i samarbeid med IKO, NLA og Indremisjonsforbundet samla ca. 140 deltagarar til temaet om barn og tro ”Barn + Gud er sant?”. Kurset er lagt til den årlege planleggingsdagen første fredag i februar, og målgruppa er barnehagetilsette og medarbeidarar i barnearbeidet i kyrkjelydane/organisasjonane i heile Bjørgvin. Vi hadde også i 2010 deltagarar frå andre bispedøme.

### **Born og unge**

Dei aller fleste kyrkjelydar i Bjørgvin har tilbod om miljøskapande og utviklande barne- og ungdomsarbeid, enten sjølve eller i samarbeid med organisasjonane. I Sogn- og Fjordane er mykje av barne- og ungdomsarbeidet knytt opp mot KFUK-KFUM, medan Indremisjonsforbundet også står sterkt i Hordaland.

”Lys Vaken” har blitt ein suksess i Bjørgvin, tiltaket har blitt arrangert i meir enn halvparten av kyrkjelydane.

”Tårnagenthelg” vart lansert hausten 2010 som eit forslag til breiddetiltak for 8-åringar. Nesten 100 av 189 kyrkjelydar i Bjørgvin var påmeldt då fristen gjekk ut (flest blant bispedøma!). Det store engasjementet for Lys Våken og Tårnagenthelg er eksempel på at kyrkjelydane i Bjørgvin, også dei som ikkje har fått midlar frå trusopplæringsreforma, viser vilje til nytenking og innsats med omsyn til trusopplæring for born og unge. 83 prosent av sokna melder at dei har starta arbeidet med ny plan for trusopplæring i kyrkjelyden (jf questback-undersøking).

Konfirmantarbeidet i Bjørgvin lever i beste velgåande. Det er ingen merkbar nedgang i talet på konfirmantar som ikkje kan forklarast ut i frå faktorar som nedgang i årskull i kyrkjelyden eller liknande. Hausten 2010 arrangerte Bjørgvin bispedømeråd ”Konfirmantforum” – ein fagdag for medarbeidarar som er

engasjerte i konfirmantarbeidet i kyrkjelydane. Opplegget vart gjennomført i Bergen og i Førde og hadde god oppslutnad. ”Kva er eg verdt...?” var tittelen på fagdagen som handla om menneskeverd og sjølvbilde.

### **Skule-/kyrkjesamarbeidet**

Skule-/kyrkjesamarbeidet i Bjørgvin må karakteriserast som veldig bra. Dei aller fleste skulane har skulegudstenester før jul og fleire kyrkjelydar har ulike tilbod til kvart klassetrinn på skulen. Ein opplever likevel at Humanetisk Forbund spreier uro omkring dette samarbeidet mange stader, og bispedømerådet jobbar aktivt med å klargjere rammer og høve til samarbeid. Biskop og undervisningsrådgjevar skreiv m.a. eit debattinnlegg/kronikk om temaet, som dei fleste lokale og regionale aviser hadde på trykk i desember 2010. Året vart også brukt til å planlegge ein konferanse om samarbeid mellom kyrkja og skulen/barnehagen som vart gjennomført i februar 2011. I samband med dette var bispedømet i kontakt med skuledirektørane i begge fylka, noko som stadfestar felles ståstad og understreka at kyrkja står saman med skuleleiinga i synet på samarbeidet.

### **Trusopplæringsreforma**

Ved utgangen av 2010 hadde 87 av 189 sokn i Bjørgvin fått midlar til å gjennomføre trusopplæringsreforma.

Kyrkjelydane i Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn prosti fekk midlar frå trusopplæringsreforma i 2010 og starta gjennomføringa på vårparten.

Det er trusopplæringsutval i kvart av prostia som har fått midlar. Utvala fungerer som ein arena for erfaringsdeling, inspirasjon og samarbeid. Prosten kallar inn dei som har det faglege ansvaret for trusopplæringa i kvar eining, og desse møter då saman med prost og rådgjevar/kontaktperson ved bispedømekontoret. Dette har vore ei ordning som har fungert svært godt og som bispedømerådet vil

følgje opp ved innfasing av kyrkjelydar i år framover.

I 2010 overtok også bispedømenivået kontaktpersonansvaret for kyrkjelydar som er i mellomfasen og hadde årsrapportsamtalar med desse. I løpet av mars/april vart det gjennomført årsrapportsamtalar a minst 1 t med 35 ulike einingar.

Med 13 prosti i bispedømet og 5 av dei i gjennomføringsfasen pr 2010 (Fana, Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn), var det ved inngangen til 2011 mange prosti som undrar seg når det blir deira tur. Behovet for informasjon ut til prostia er stort, og mange føreburer seg no på å ta i mot friske midlar frå trusopplæringsreforma. Enkelte prosti er endå til klare med inndeling i einingar og avtalar om fordeling av midlar i prostiet. 7 prosti vil gjerne vere neste prosti ut! Det er ei stor utfordring å motivere dei til å halde engasjementet oppe når det drar ut med tildeling. Vi håpar derfor at trusopplæringsreforma får ein betydeleg større sum med friske midlar i dei nærmaste åra slik at alle snart får ”vere med”.

Rådgjevarar på bispedømekontoret har arrangert 4 kurshaldarkurs i planarbeid i bispedømet i 2010.

Kwart fellesråd vart bedt om å sende minst to representantar til kurset, men det vart dverre ikkje følgt opp over alt. Tanken var at desse skulle kurse sine eigne i ettertid. 43 prosent av kyrkjelydane våre svarar at det har vore arrangert lokale plankurs i deira fellesrådsområde (jf questback u.s.).

Bjørgvin bispedøme hadde i år også svært mange deltagarar på trusopplæringskonferansen på Lillestrøm i oktober.

Som eit stimuleringstiltak i 2010 fekk også alle sokn som ikkje har fått midlar frå trusopplæringsreforma tilbod om å få dekka deltaravgifta på konferansen for ein person. Nokre nytta seg av dette.

## **Ungdom og lokaldemokrati**

Kvart år arrangerer Bjørgvin bispedøme ungdomsting (UT) for ungdom i bispedømet mellom 15 og 30 år. Etter kvart har dette utvikla seg til å vere eit flott første møte for unge med demokratiske prosessar. Ein har grundig behandling av saker, og ein gjennomfører val på medlemene til ungdomsrådet.

Ungdomstinget er eit organ der ungdom kan seie si meining og ta tak i saker som vedkjem dei. Dette vert spelt inn til Bjørgvin bispedømeråd og til sentralkyrkjeleg hald.

Engasjementet hjå ungdommene som er med på tinget er stort, og ein ser at dette er noko endå fleire burde vore med på. Totalt hadde ein 32 deltagarar på Ungdomstinget i 2010.

Ein må spørje seg om demokratiet fungerer når berre 9 av 189 kyrkjelydar sender delegatar. Vi hadde og med delegatar frå tre organisasjonar (NKSS, KFUK/KFUM og Acta – born og unge i Normisjon) Tyngda av deltagarar kom frå Bergensområdet.

Vi jobbar no mot å få heva kunnskapen hjå kyrkjeleg tilsette om kva UT er og kvifor det er viktig å sende ungdommar hit. Vi trur dette er ein viktig faktor i høve til oppslutninga på UT. Vi tenker og på å flytte dette frå leirstaden vi har brukte dei siste åra, til Bergen for å sjå om reisetid og tilgjenge har noko å seie for oppmøte.

## **Misjon**

I høve hunderårsmarkeringa av at den første misjonskonferansen i moderne tid vart halden i Edinburgh, oppmoda biskopen alle kyrkjelydane om å ha ein misjonsavtale med ein av misjonsorganisasjonane og til at misjon vart markert på ei gudsteneste hausten 2010.

Ei undersøking som vart sendt alle kyrkjelydar, viser at 71 prosent av dei sokna som svarte, har misjonsavtale med

ein eller fleire misjonsorganisasjonar knytt til SMM. 11 prosent har avtale med organisasjonar eller prosjekt som ikkje er knytt til SMM.

Av dei sokna som ikkje svarte, tydar andre oversyn på at 62 prosent av desse hadde avtale. Tre nye sokn har meldt om at dei har inngått avtale i 2010. På grunn av sjukdom, har funksjonen som misjonsrådgjevar vore utan bemanning store delar av året, og det har difor vore lita oppfølging av kyrkjelydane på dette området.

## **Diakoni**

I Bjørgvin er det 32 diakon- og diakoniarbeidarstillingar i ulik prosentdel frå 100 prosent til 20 prosent. I 2010 vart det eit gledeleg tilskot på to diakonar i Bergen, begge lønna over det kommunale budsjettet: Løvstakksiden og Bergen internasjonale menighet deler ei stilling, medan den andre er knytt til Olsvik og Loddefjord, mellom anna med planar om eit arbeid ved Vestkanten kjøpesenter.

Ei kartlegging (der 119 av 186 sokn har svart) viser at om lag 70 prosent av sokna har ein godkjent diakoniplan eller har starta arbeidet med ein slik plan. (60 prosent i 2009)

På grunn av sjukdom, har funksjonen som diakonirådgjevar vore utan bemanning store delar av året, og det har difor vore lita oppfølging av kyrkjelydane på dette området. Fagsamlingar for diakonar og diakoniarbeidarar har likevel vore arrangert jamleg i samarbeid mellom bispedømekontoret og Diakonforbundet.

## **Integrering og menneske med utviklingshemming**

Kyrkja har i fleire år vore ein viktig pådrivar for at utviklingshemma skal få utøva si tru eller sitt livssyn. Etter at det offentlege kome meir på banen, bl.a. med rundskriv frå Helse og Omsorgs-

departementet I 6/09 – ”Om rett til tros og livssynsutøvelse” og støtte til materiellet ”Deltakelse og tilhørighet”, har bispedømet sin rådgjevar på området invitert kyrkja og kommunane til samarbeid. Dette skjer gjennom kurs i alle prosti. Før jul var det gjennomført kurs i 6 av 13 prosti. På dei aller fleste kursa har vi hatt eit godt samarbeid med dei respektive kommunane og 4 av bydelane i Bergen. Dei resterande prostivise kursa vert haldne i løpet av 2011. Allereie no er det tydeleg å sjå ringverknader av desse kursa. Vi har oppretta ad-hoc grupper med folk frå prosti og kommunar. Andre stader tek prestane ansvar og går til sine respektive kommunar og ber om dialog. Det har også vore – og er – konstruktivt å samarbeida med prostane om dette tiltaket. Dei er nøkkelpersonar i dette. Rådgjevar gjev støtte til prestane i desse prosessane, der dette er ønskjeleg. I praksis har dette ført til eit oppsving i Bli-kjent-i-kyrkja kursa, berekna for målgruppa og etterspørsel etter sorgkurset (som også er for målgruppa). Det ser også ut til å bli eit oppsving i behovet for dialogmøte med enkelte kommunar, om korleis omsynet til trus og livssynsutøving vert kvalitetssikra godt nok. Rundskrivet gjev legitimitet til ein viktig dialog og fyller eit tomrom som har lagt der lenge.

Erfaringane syner at det er meir aktuelt å ha eit heilskapleg perspektiv på desse spørsmåla i distrikta utanom Bergen. I distrikta er det meir aktuelt å trekka inn også andre enn utelukkande menneske med utviklingshemming – dvs med eit sterkare fokus på eldreomsorga. I Bergen er tenestene spesialiserte og der har vi meir enn nok med å forholda oss til dei kommunale samarbeidspartane som yter tenester til menneske med utviklingshemming. Implementering av dette perspektivet i forhold til eldreomsorga i Bergen kommune, er ei utfordring vi så langt ikkje har hatt kapasitet til å gå inn i.

Det er ønskjeleg å reetablera ei nettverksgruppe om temaet, i samarbeid med høgskulen i Bergen. I tillegg er det også eit behov for å møta fylkesmannsnivået. Fylkesmannen må etterspørja dette perspektivet i sitt tilsyn med den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Bjørgvin tek også sin del i noko som er kalla ”Forkynnarprosjektet”, som er eit tekstarbeidingsprosjekt med utgangspunkt i dei nye tekstrekkene som kjem frå 1.søndag i advent 2011. Perspektivet på dette arbeidet vil vera ”for alle”. Arbeidsmetoden er tekstverkstad i praksis, som også skal involvera menneske med utviklingshemming. Erfaringane vert samla i to bøker, der den første av desse kjem til hausten. Vesthordland prosti og Fusa sokn skal prøva dette ut i Bjørgvin..

Elles går det mykje tid med til konfirmantarbeidet, både i form av koordinering av grupper i Bergen og rådgjeving i forhold til individuelle tiltak, både i distriktet og i Bergen. Bergen har denne hausten 18 konfirmantar i to ulike grupper. Dette er løpende verksemrd, som må vera der og som må driftast.

Det tette samarbeidet mellom rådgjevar for inkludering og trusopplæringsrådgjevarane er eit stort gode. Perspektivet ”for alle – uavhengig av funksjonsnivå”, er grunnleggjande viktig. Resultatet av dette samarbeidet har t.d. gitt seg utslag i Konfirmantforum, som er eit kurstilbod for konfirmantlærarar. For 2011 planlegg vi eit par liknande kursopplegg saman.

## Forbruk og rettferd

I 2010 har etterspurmaden i kyrkjelydane etter ”grøne bidrag” til ulike arrangement i kyrkjelydane vore noko lågare i høve til 2009. Rådgjevar for miljø og forbruk har medverka på 16 slike samlingar i 2010, inklusive seminara på stiftsturneen. I

tillegg til dette kjem innlegg på kurs og konferansar i bispedømet sin regi.

Når det gjeld **grøne kyrkjelydar** har vi fått tre nye kyrkjelydar i 2010. Dette er same tilvekst som i 2009. Ressursgruppa for miljø, forbruk og rettferd starta opp igjen i 2010 etter ein periode utan verksemd. Difor vart kampanjen for rekruttering og oppfølging av fleire grøne kyrkjelydar utsett til tidleg 2011. Vi har heller ikkje registrert nokon nye kyrkjelege **Miljøfyrtårnverksemder** i 2010.

Når det gjeld **Fairtrade** er vårt inntrykk at lite nytt har skjedd, sjølv om merkeordninga framleis har stor framgang, og vareutvalet vert stadig større. Bergen kommune slit med forankringa og oppfølginga av statusen som Fairtrade-by. Einskilde kyrkjelydar har dette høgt på agendaen framleis, t.d. i Fusa, med årlege markeringar i lokalsamfunnet.

### Bærekraftige liv

Pilotprosjektet som engasjerer heile lokalsamfunnet for å møte utfordringane frå klimaendringane har hatt stor framgang i 2010. Prosjektet har fått støtte frå Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Grønn Hverdag, slik at ein har hatt folk tilsett på prosjektet størstedelen av året. Høgdepunktet i 2010 var ein bærekraftig LandåsFest, som samla 1100 menneske frå lokalmiljøet. Ein eigen rapport for prosjektet kan lesast på [www.barekraftigliv.no](http://www.barekraftigliv.no). Modellen og metodane spreier seg no i til andre stader, og Fridalen har starta opp med eit liknande initiativ.

### Kultur og pilegrimsarbeid

Bjørgvin har hatt ein kulturrådgjevar sidan februar 2010. Målet som Kyrkjerådet har sett for dette arbeidet, er å auke frekvensen av kulturprosjekt i kyrkja, få inn meir finansiering frå statlege og private fond og styrke kyrkja som kulturarrangør. Bispedømet har vald ”Ordet” og ”Kultur

på vegen” (turneverksemd) som sine spisskompetanseområde for å bidra til nasjonal kompetanseutvikling.

Kulturrådgjevaren har så langt vore involvert i meir enn 30 prosjekt. Desse har hatt svært ulik karakter og storleik, frå idéstadiet til store og etablerte kulturarrangement – til dømes Olsvikutstillingen og Påskefest i Bergen. Det har òg blitt innleia samarbeid med Festspillene i Bergen med tanke på biskopen sin deltaking i programmet og eit eventuelt felles prosjekt i 2013. Det er og eit konkret samarbeid med Den Nationale Scene omkring oppføringa av ”Ordet” av Kaj Munk som går på kyrkjeleg bruk av teaterstykket gjennom tilbod til kyrkjelydar om deltaking og samtale om stykket. Vidare har ein starta planlegginga av ein konferanse med tittelen ”Ordet” i oktober 2011 omkring teaterstykket og ny bibelomsetjing der teateret vil bidra med workshop. Til konferansen vil ein ha eit breitt samarbeid mot kultur og også mot universitetet.

Det er innleia samarbeid på tvers av bispedøma. Konferansen ”Ordet” vil ha invitasjon til alle bispedøme sjølv om det er ein regional konferanse. Bjørgvin har innleidd samarbeid med Hamar, Oslo og Borg bispedøme om fellesprosjektet ”Verkstad på vandring” som skal gå på omgang mellom bispedøma. Det tar sikte på å utvikla kompetanse og samhandling mellom kulturaktørar og kyrkja. Det fyrste er planlagt i Valestrand kulturkyrkje i Sveio i Bjørgvin november 2011.

Eit fleirtal har kontakta rådgjevaren med ønske om hjelp til praktisk å finansiera og realisera mindre prosjekt.

Det vil ta tid før ein ser kvantitative resultat av satsinga på kulturell kompetanseheving. Målsettinga høver heller ikkje like godt alle stader. Det kyrkjelege kulturlivet i Bjørgvin bispedøme varierer sterkt. Her har ein

mange små einingar, med avgrensa ressursar – både på økonomi og kompetanse. I Bergensområdet er det fleire større einingar der det generelle kulturlivet og engasjementet er sterkt. Ein kan ikkje venta at desse svært ulike områda kan bidra likt i forhold til den same målestokken.

Førespurnadene til kulturrådgjevaren har i all hovudsak kome frå Hordaland. Vi vil difor ta eigne initiativ retta mot Sogn og Fjordane. Begge fylka i bispedømet har eit rikt kulturliv som kyrkja i endå større grad kan ta aktivt del i.

Den største satsinga innan den kulturelle skulesekken er Barnas katedral i Bergen domkirke menighet som har fått 50 000 kroner av Bergen kommune til sin skuleforestilling av Juleevangeliet. Det var 3283 born innom, 1358 skuleborn og 715 av desse var dekka av skulesekken.

Det er gjeve hjelp til planlegging av eit prosjekt i ramma av Den kulturelle spaserstokken i Sveio.

### Pilegrimsarbeidet

I pilegrimsarbeidet har to hovudstraumar for alvor har gjort seg gjeldande det siste året: I arbeidet med Kystleia er det no etablert eit forprosjekt, og det vert arbeidd vidare med pilegrimssenteret i Røldal.



**Foto:** Kyrkja i Røldal er eit mykje besøkt pilegrimsål.

Det vert skipa til organiserte pilegrims-vandringar til Røldal, særleg frå Telemark. I 2010 var 483 personar med på desse vandringane (I Nidaros fekk til samanlikning 114 pilegrimsbrev). Hovudinntektene for pilegrimssenteret kom i 2010 kom frå Hordaland fylkeskommune (500 000,-) og Odda kommune (100 000,-), i tillegg til restmidlar. Og det er blant aktørane eit sterkt ynskje og forventning om å verta rekna med i den nasjonale pilegrimssatsinga og finansieringa.

## 2. Kyrkjeleg sektor – Tilstandsvurdering i lys av resultatmåla

### 2.1 Kyrkjeleg demokrati

#### Resultatmål:

*Vidareføring av demokratireforma i Den norske kyrkja.*

*Gjer kort greie for kva tiltak som er gjennomført med omsyn til førebuingane til kyrkjevala i 2011, med bakgrunn i evalueringa av vala i 2009.*

Kyrkjevalet 2009 vart grundig evaluert. I 2010 har det vore lite merksemrd rundt kyrkjevalet, bortsett frå eit kurs i eit prostiråd som ville vera godt førebudde med tanke på valet i 2011. Det er tydeleg at mange vil ha nytte av erfaringane frå kyrkjevalet i 2009 når det skal arrangerast nytt val. Samstundes er det med blanda kjensler at dei lokalt tilsette går inn i eit nytt valår med den store arbeidsmengda det medfører.

Bispedømerådet sende ut eit brev til alle sokneråd der ein bad dei om å vurdera sin eigen soknestruktur. I Gauldal og Naustdal har ein no gjort vedtak om å slå saman sokn før valet.

Bispedømet sin demokratirådgjevar har delteke i dei nasjonale førebuingane til valet i 2011 gjennom nettverket av

demokratirådgjevarar i bispedøma og i valsekretariatet i Kyrkjerådet. Bjørgvin har også fått eit godt og representativt valråd som skal ha ansvar for bispedømerådsvalet i 2011.

## 2.2 Trusopplæring

### Resultatmål:

*Utvikle kyrkja si trusopplæring. Mål: Eit systematisk og samanhengande tilbod om trusopplæring for alle døypte fram til fylte 18 år. Tilboden skal vera lokalt forankra, tilpassa ulike alderstrinn og tilrettelagt slik at det når ut til breidda av alle døypte.*

### Styringsparameter

*Utbreiing av trusopplæringsreforma i bispedømet.*

*Omfanget av trusopplæringstilboden i kyrkjelydane.*

*Oppslutnaden om trusopplæringstilboden i kyrkjelydar som er tatt inn i gjennomføringsfasen.*

### Resultatindikatorar:

- *Delen kyrkjelydar i bispedømet som er tilført trusopplæringsmidlar i 2010.*

Ved utgangen av 2010 hadde 87 av 189 sokn i Bjørgvin fått midlar til å gjennomføre trusopplæringsreforma. Kyrkjelydane i Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn prosti fekk midlar frå trusopplæringsreforma i 2010 og starta gjennomføringa på vårparten.

- *Gjennomsnitt timetal trusopplæringstilbod i kyrkjelydar som er i gjennomføringsfasen.*

Det gjennomsnittlege timetalet på trusopplæringstilbod som er i kyrkjelydar som er i gjennomføringsfasa i Bjørgvin er omlag 175 timer, rekna ut frå kyrkjelydar som var innfasa i 2008 og 2009.

- *Gjennomsnitt deltarandelen ved eit utval representative trusopplærings-tilbod.*

Det er gjennomsnittleg ca. 75 prosent oppslutning på tiltak i kyrkjelydar som er gjennomføringsfasa i Bjørgvin, slik det ser ut frå rapportane som har kome inn på [www.storstavalt.no](http://www.storstavalt.no). Det må då takast med i reknestykket at det er nokre kyrkjelydar som har få deltararar men rundt 80-90 prosent oppslutning, medan andre har mange deltararar og låg prosentdel. Her ser vi stor skilnad på by og land. Det krev meir for ein kyrkjelyd med årskull på over 150 døypte å få samla alle, enn for ein kyrkjelyd med 10 i aldersgruppa.

### • *Har desse tilboda:*

- ✓ Dåpssamtale/dåpskurs for foreldre
- ✓ Utdeling av 4-årsbok
- ✓ Tiltak for 6-åringar
- ✓ Arrangerer Lys vaken i 2010/2011
- ✓ Har breiddetiltak for ungdom etter konfirmasjonen

Alle kyrkjelydar, med nokre få unnatak, har dåpssamtale eller dåpskurs for foreldre. Alle kyrkjelydar i Bjørgvin deler ut 4-årsbok, men frammøtet varierer. I Bergen fekk i 2009 33 prosent av 4-åringane bok, utanfor Bergen fekk 62 prosent og nokre stader har ein over 100 prosent frammøte.

71 prosent av kyrkjelydane våre hadde tiltak for 6-åringar i 2010 (jf vår eiga questback-undersøking gjennomført i jan 2011).

”Lys Våken” har blitt ein suksess i Bjørgvin. Arrangementet samlar mange 11-åringar i meir enn halvparten av kyrkjelydane våre. 69 prosent av kyrkjelydane melder om Lys Våken-arrangement i skuleåret 2010/2011 (jf nemnde questback-undersøking). Ikkje alle vel 1. helga i advent for arrangementet.

Når det gjeld tiltak for ungdom etter konfirmasjonsalder har kyrkjelydane litt å

strekke seg etter. Berre 39 prosent av kyrkjelydane melder at dei har tiltak for denne målgruppa (jf eiga questback u.s.). Bispedømerådet vil ha fokus på denne målgruppa i åra framover og har sett ungdom som eige satsingsområde på strategiplanen.

## 2.3 Lokalt FoU-arbeid

### Resultatmål

*Leggja til rette for lokalt forsøks- og utviklingsarbeid, m.a. gjennom auka samarbeid på tvers av sokne- og kommunegrenser, slik at kyrkja si organisering og forvaltning er funksjonell, kostnadseffektiv og brukarorientert.*

### Resultatindikatorar:

- *Delen av fellesråd som deltek i forsøk eller har etablert samarbeidsordningar på tvers av sokne- og/eller kommunegrenser.*
- *Delen av sokn som deltek i forsøk med samanslegne sokneråd.*

I to fellesrådsområde, Aurland og Lærdal, har sokna eitt **felles kyrkjestyre** (felles sokneråd) for heile kommunen.

Sogndal og Leikanger starta på slutten av året eit samarbeid med **felles fellesråd og administrasjon**.

I Fana prosti er det stor utbygging i Sædalens, ein del av byen som går på tvers av soknegrensa mellom Slettebakken sokn og Birkeland sokn. Sædalens har eigne gudstenester på skulen og ein arbeider for å få bygd eiga kyrkje og for å skilja området ut som eige sokn. Sædalens er etablert som ei eiga trusopplæringseinining med eige trusopplæringsutval.

## 2.4 Forbruk og rettferd

Kyrkjemøtet 2007 vedtok ein ti-årig bærekraftreform for Den norske kyrkja.

Kyrkjemøtet 2008 valde å organisere reforma som eit økumenisk samarbeidsprosjekt, Skaparverk og bærekraft. Prosjektet søker mellom anna å skape ein dynamikk mellom handling på individnivå og det politiske nivået. I vårt arbeid (nærare skildra under punkt 1.2) søker vi å følgje opp intensjonane i prosjektet, og vil særskilt peike på "Bærekraftige liv" som eit slikt bidrag.

Vi lever i ei tid som vert vurdert som heilt avgjerande i høve til å snu veksten i klimautsleppa og berge framtidige generasjonar frå farlege klimaendringar. Samstundes ser ein at folket ikkje er like motiverte til å endre seg eller tvinge fram politiske endringar. Kyrkja har ein unik sjanse til å gå føre i den omstillinga som må kome, og til å påverke opinionen i rett lei. Kyrkja følgjer framleis ikkje opp dei mange sterke og tydelege vedtaka og uttalene om miljø, klima, forbruk og rettferd med noko som liknar på ein monaleg satsing. Samstundes brukar ein store ressursar på andre saker og reformer som knapt kan seies å vere avgjerande for framtida til menneska på jorda. Viss ikkje noko radikalt skjer på dette området risikerer kyrkja å verte ståande ribba for all truverde i denne saka. Vi håpar at leiinga i kyrkja og kyrkjedepartementet vil gjere val og prioriteringar som kan forvarast i høve til dei utfordringane vi ser i dag, også om 50 år.

## 2.5 Kyrkjemusikk

### Gudstenestereforma

Gudstenestereforma har vore inne i ei mellomfase med høyringa 2009 og implementeringa som vil koma i 2011-12.

Ein del prøvekyrkjelydar har halde fram med å nytta liturgiske ordningar og musikalske alternativ frå forsøksperioden slik det er gjeve høve til.

Ved Stiftsmøtet 2010 i Balestrand blei det arrangert fagdag for kyrkjemusikarar om orgelet og sjangerutviklinga slik den kjem

til uttrykk i det musikalske materialet knytt til forslag til ny gudstenestemusikk og salmebok.

Det er arbeidd med planar for implementering av gudstenestereforma i Bjørgvin, m.a. i samarbeid med kyrkjemusikalsk utval. Bispedømet følgjer her opp dei planar for kursing av tilsette som er under utarbeiding på sentralt kyrkjeleg hald.

### **Plan for kyrkjemusikk**

Bjørgvin bispedøme arrangerte i 18. mars ein fagdag om Plan for kyrkjemusikk for Kantorar, organistar og andre interesserte. Plan for kyrkjemusikk var også emne ved ei tverrfagleg samling ved Stiftsmøtet 2010 i Balestrand.

Det har også vore tverrfaglege samlingar om kyrkjemusikkplanen i enkelte prosti hausten 2010.

Det ligg ikkje føre oversyn over i kva omfang det er vedteke plan for kyrkjemusikk i kyrkjelydane.

Inntrykket er at dette arbeidet enno er i startfasen. Samanfallet av mange kyrkjelege reformer kan ha gjort denne innføringa tyngre.

## **Prestetenesta – Omtale av resultatmåla**

### **Hovudmål**

Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærværende i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

### **2.6 Geistleg personale**

#### **Resultatmål**

*Alle sokn skal ha fast geistleg personale*

#### **Resultatindikator:**

- *Kyrkjemedlemmer pr. fast prestestilling*

Gjennomsnittleg tal på kyrkjemedlemmer pr. faste prestestilling er 2 911 i Bjørgvin. Det er store skilnader mellom prestestillingar i distrikta og stillingar i område der folketalet veks. I Sogn og Fjordane er snittet ca 2 200 medlemmer pr prest, i Hordaland, utan Bergen, er snittet 3 100 og i Bergen knappe 4 000. Fjell sokn i Vesthordland prosti har ca. nitten tusen medlemmer, og to fast tilsette prestar. I indre Bremanger i Nordfjord prosti er der vel tre tusen kyrkjemedlemmer og dei har tre prestar på deling.

Arbeidsgruppa som vart oppnemnd av bispedømerådet 4. november 2008 med mandat å vurdera gjeldande gudstenestetordning og fordelinga av presteressursane i bispedømet, utarbeidde eit dokument som vart sendt på høyring før behandling i bispedømerådet 20. april 2010. Vedtaket konkluderer med å dra inn sju stillingar og dela ut igjen fire. Meir enn 90 prosent av budsjettet går til løn, vi treng fleire kroner til vikarar, vidareutdanning, personaltiltak, osv. Hardanger og Voss, Nordfjord, Indre og Ytre Sogn prosti misser ein stilling kvar, domprostiet to. Vesthordland får to nye (m.a. Fjell), Fana og Arna / Åsane får ein kvar.

Presteressursane er skeivt fordelt også innan enkelte prosti, og ei omfordeling er nødvendig. Talet på prosti er også til vurdering.

Prosessen for å få dette til å skje, er i gong. Gudstenestetordninga vil ein sjå nærmare på i samband med gudstenestereforma.

Det er ikkje nok å sjå på medlemmer pr prest. Geografi og demografi spelar også ein stor rolle her. Målet om ei desentralisert folkekyrkje som er til stades i alle lokalsamfunn, står i motsetnad til målet om ei meir effektiv presteteneste. Det er stor geografisk avstand mellom kvar prest, og mange kyrkjelydar i indre Hordaland og Sogn og Fjordane. Vi vert bedne om å vurdera kva som er vesentleg og kva som er kritiske risikofaktorar for målsetjingane. For at målsetjinga om nærværende prest i alle lokalsamfunn skal

kunna oppfyllast, er det vesentleg at talet på prestestillingar i distrikta ikkje vert for lite. Risikoen er at dei vert reisande tenesteleverandørar, med ei forvitring av folkekyrkja som resultat. Det er samstundes vesentleg at vekstområde får tilført fleire presteressursar. Risikoen er også her at dei elles berre vert tenesteleverandørar med stor fare for å brenna ut, og ei folkekyrkje som visnar. Vi siterer frå prost Geir Sørebø si årsmelding for Nordhordland og Ytre Sogn prosti:

”Statistikk og årsmeldingar utløyser ein refleksjon over tilhøvet mellom det som er variabelt og det som er konstant. Mange ting i kyrkja er konstant. Det er ikkje berre trusgrunnlaget, men også langt på veg kyrkjestrukturen, organisasjonsstrukturen og stillingsstrukturen. Talet på kyrkjer er konstant. Talet på stillingar er bort i mot konstant. Prostia sine grenser har vore konstante. Soknegrenser har einskilde stader vorte endra, andre stader er det stor motstand mot å endre dei. Mange ynskjer at sokna skal vere konstante. Men medlemsmassen i kyrkja er ikkje konstant. Folk flyttar, og folk engasjerer seg i nye samanhengar. Mykje i samfunnet er i raskt omskifte i dag. Også bygde-Noreg vert meir internasjonalt. Gamle tradisjonar er ikkje like sjølvsagde lenger. Vi ser dette ikkje minst når det gjeld den rolle gudstenesta i dag spelar for folk flest – samanlikna med for 50-100 år sidan. Det er verd å reflektere over at i snitt går medlemer av Den norske kyrkja i dei to prostia til mindre enn to sundags-gudstenester i året. Held ein dette saman med at majoriteten døyper borna sine og let dei konfirmere, og altså er i kyrkja ved slike høve – og på julaftan, så må ein konkludere med at vanlege gudstenester er for dei spesielt interesserte. Det er ei stor utfordring i tida som kjem å forstå og kartlegge dei endringane som skjer i samfunnet og medlemsmassen og så gjere dei endringane som er naudsynte innafor kyrkja, slik at vi både kan utnytte dei ressursane vi har på den beste måten og

opplevast som relevante for folket som bur her.”

Vilje og evne til endring vert vesentleg i åra som kjem.

- *Talet på ledige stillingar i bispedømet*

Det var vakanse i to faste prestestillingar ved årsskiftet. Den eine av desse har vore utan fast prest i fleire år. Vikarprest gjer teneste i sokna dette gjeld, med mogeleg fast tilsetjing i august 2011. Den andre stillinga er lyst ut på nytt, med ein kvalifisert søker. Dette er ei betring i høve til dei seinaste åra.

- *Talet på nytilsette prestar, eksklusiv overgang frå annan prestestilling*

Tre av dei elleve prestane som vart tilsette i 2011, er unge og nyutdanna. Vi er glade for at 50 prosent i denne kategorien er i Bjørgvin! (jfr pkt 1.7 i etatsstatistikken frå FAD.) To av desse har vore med i mentorprogrammet vi vart inviterte med i frå Oslo bispedøme, den tredje blir invitert til å vera med i det nye. Vi får mykje god tilbakemelding frå deltakarane i dette programmet, og er glade for at det held fram med seks nye ”par” frå Bjørgvin.

Prostane er aktive aktørar i rekrutteringsarbeidet. Dei tar kontakt med utdanningsinstitusjonane, snakkar med studentar og inviterer dei på synfaring til sokn med ledige stillingar. Biskopen talar også vel om bispedømet og prostane våre i samtalane han har med studentane i VTP-programmet.

Elleve stillingar har vore utlyste i rapporteringsåret, med 45 søkerar til saman. Sume av søkerane har søkt fleire av stillingane. Vi registrerer framleis litra interesse for kapellanstillinger, sjølv om dei er plasserte midt i Bergen by! Derimot hadde stillinga som sentrumsprest i Bergen domkirke menighet 17 søkerar.



**Foto: Nokre av prestane i Bjørgvin kjem frå andre land. Her er fire av dei samla på bispedømekontoret, to frå Danmark, ein frå Færøyane og ein frå Japan.**

Gruppa som utarbeidde forslag til tiltak for å sikra rekruttering til kyrkjeleg teneste, nemnde omdømmebygging. DIFI si undersøking hausten 2010 som viste kor nøgde folk er med statlege tenester, gav kyrkja høgast score. Kanskje det er blant våre eigne omdømmet først og fremst må byggjast? Ein teologistudent sa på ei samling at ho var usikker på å søkja seg arbeid i kyrkja, sidan kyrkja er ein så dårlig arbeidsgjevar. Ho hadde ikkje eigne erfaringar med dette, altså må ho ha lært det av nokon. (!)

- *Talet på prestar som har slutta før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annan prestestilling.*

To prestar har slutta for å gå over i annan stilling utanfor Dnk.

## Vikarar

Det var vanskeleg å skaffa nok vikarar til sjukefråvær og andre permisjonar i 2010. Dette har vore utfordrande særleg for prostane, men også for andre tilsette. Sume prosti har friske pensjonistar som kan gje ei hand, andre stader har vi ikkje lukkast å få på plass vikar. Dette er noko vi trur vil halda fram også i åra som ligg framfor oss. Det vil vera eit mål at alle prosti har ein prostiprest til å takla både planlagt og plutselig fråvær.

## Fengselsprestane

Prestetenesta i Bergen landsfengsel (200 %), Vik fengsel (50 %) og Bjørgvin fengsel (80 %) fungerer godt. Samarbeidet med fengselsleiinga er god. I mai dette året arrangerer dei Nordisk fengselsprestkonferanse i Bergen. Vi legg ved eit oversyn over aktiviteten i Bergen fengsel til informasjon.

## Prestebustadar

Det er framleis stor merksemd kring prestebustadene i Bjørgvin. Administrasjonen opplever å ha god kontakt med Opplysningsvesenets fond (OVF) og med kommunane om bustadene. Gjennom systematisk arbeid i 2010 har vi no betre kunnskap og grunnlag for å prioritere vedlikehald for dei ulike prestebustadane.

Bergen Bolig og Byfornyelse (BBB) eig 39 prestebustader, mange av desse med trong for vedlikehald. BBB har i løpet av 2010 avhenda ein bustad, samt kjøpt ny bustad til stillinga som sokneprest i Åsane sokn. Vi har i år fått godkjenning til å bruke det øyremerka fondet etter salet av Bjørkåsen 56 også til rehabilitering, og ikkje berre kjøp av ny bustad. Dette har ført til at vi har kunna starta eit større isolerings- og oppussingsarbeid på fire av dei dårligaste bustadene i Bergen. Dette arbeidet vil halda fram i 2011. Vi er samde med BBB om først og fremst å rehabilitera dei bustadene vi har, framfor å kjøpe nye.

Etter vårt skjøn gjer prestegardskonsulent Hildur Kuld i OVF eit godt og systematisk arbeid med fondsbustadene i bispedømet. Grunnleggjande byggtekniske utbetringer vert prioriterte, t.d. fuktige kjellarar, utette tak og manglande isolasjon. I tillegg vert mange røyr og elektriske komponentar skifta ut. Dette er utbetringer som kostar mykje, men som ikkje viser att i bustaden. Mykje står enno att, men arbeidet er godt i gang. Det vart brukt meir midlar i Bjørgvin i 2010 enn ei pro rata fordeling skulle tilseie. Løyvingane for 2011 er reduserte

samanlikna med tidlegare år, så arbeidet vil ta noko lengre tid å fullføra enn det vi vona på.

Rådgjevaren på bispedømekontoret har i 2010 vore på 87 synfaringar, dei fleste saman med bustadombodet. Vi vil halde fram med dette arbeidet i 2011.

Vi legg no ein plan for å synfare bustadene i Bergen kvart tredje år, og dei andre kvart femte år. Synfaringar i høve presteskifte og akutte skadar vil sjølvsagt koma i tillegg.

Det vert arbeidd med å få til ei ordning med Bergen kommune slik at prestebustadene vert handsama som ein eigen pott. Dermed vil ein ved sal av bustader kunne nytta midlane enten til kjøp av nye prestebustader eller rehabilitering av eksisterande.

Brukarundersøkinga blant prestane i bispedømet i 2010 viser at dei er meir nøgde med forvaltinga i bustadsaker no enn i 2007, score frå 2,3 i 2007 til 3,6 i 2010. Det viser at vi er på rett veg.

## 2.7 Lokale tilhøve og utfordringar

### Resultatmål

*Prestetenesta skal vera tilpassa lokale tilhøve og utfordringar*

### Resultatindikator

*Kor stor del av prestane som er gjevne eit spesialisert ansvarsområde innan prostiet.*

Ny tenesteordning er innført i alle prostia, med prostiet som tenestedistrikt for alle. Ca 10 prestar er likevel enno på gamal ordning. Vi ser fram til endringa i kyrkjelova som vil medføra at også desse vil få prostiet som tenestedistrikt, og slik letta arbeidet for prosten og vonleg minska friksjonen mellom prestane.

Vi gjennomførte ei spørjeundersøking blant prestane som har vore på ny tenesteordning sidan 2007. Svarprosenten var knappe 50 prosent, men vi trur den

gjev eit representativt uttrykk for korleis den blir brukt og kva prestane synst om dette. Dei er jamt over godt nøgde med arbeidsfordelinga totalt sett, men det er mest gravferder dei har i andre sokn enn sitt/sine eigne. Berre 7 prosent seier at spesialkompetansen deira blir brukt, og berre av og til i prostiet. Dette stadfestar det vi allereie meinte å vita: Eit systematisk arbeid med å ta i bruk ny tenesteordning etter intensjonane må til. Bjørgvin har relativt få spesialprestar om vi ser vekk frå studentprestar og fengselsprestar. Dei vi har, gjer teneste retta inn mot born og unge. Nokre kapellanstillinger er omdisponerte til arbeid blant born og unge. Få, om nokon av kyrkjelydsprestane har fått eit spesialisert ansvarsområde innan prostiet. I tettbygde strok vil dette vera mogeleg å få til. I distriktet, der det no også blir færre prestar enn tidlegare, vil det bli vanskelegare å realisera.

## 2.8 Kompetanseutvikling

### Resultatmål

*Prestane skal stimulerast til å utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta.*

### Resultatindikator

*Snitt studiedagar pr. prest*

I Bjørgvin har kvar prest hatt 3,3 studiedagar i gjennomsnitt. Her er vi dårlegast blant bispedøma. Knapt halvparten av presteskapet har hatt studiedagar, her scorar vi noko betre samanlikna med dei andre. Talet på studiedagar pr. prest har gått ned frå 2009 til 2010. Deler av dette kan forklarast med eit obligatorisk kurs for alle prestane i 2009. Talet på prestar som har hatt studiepermisjon, har gått noko opp. Det betyr at fleire har deltatt på kortare kurs. I ein travel kvardag vil det vera overkomeleg, samanlikna med dei meir krevjande kursa i PF sin regi. Dårleg tilgong på vikarar kan ha hindra prestar i å

søkja i utgangspunktet. Mest alle prestar i bispedømet har no høve til å ta ut ei studieveke, dvs alle med arbeidsavtale etter ny tenesteordning. Ikkje alle nyttar seg av dette tilbodet, noko vi vil freista gjera noko med i 2010.

## ABV

Det vart starta tre nye ABV-grupper dette året slik at vi no har sju grupper med til saman 45 prestar. Nokre fellesrådstilsette diakonar og kateketar er og med, slik at vi får eit tverrfagleg arbeidsfellesskap. To av gruppene har hatt base i Sogn, medan dei andre held til i Bergen. Fire prestar har fått individuell rettleiing.

I tillegg til dette har vi to prostegrupper som har kollegarettleiing. Alle prostane er med.

Bjørgvin bispedøme har no 17 godkjende ABV-rettleiarar. Leiarane for ABV-gruppene har hatt nokre samlingar der dei har fått rettleiing sjølve.

Kvart år blir det skipa til fagdag for rettleiarane og den tverrfaglege styringsgruppa.

Vi har dette året hatt ein auke i talet på prestar som er med i ABV, slik at vi no har ei deltaking på 36 prosent. Fleire yngre prestar er med. Det er særstundt at dei i denne fasen får ei evaluering av prestetenesta si i eit trygt kollegafellesskap.

## Retreat

Retreat kan gi hjelp til åndeleg fornying og vekst. Bjørgvin bispedøme samarbeider med Stiftinga Bergen Diakonisshjem, Haraldsplass om retreatarbeidet. I januar 2010 vart det halde eit vekes langt retreat etter ignatiansk modell på Haraldsplass. Tre av bispedømet sine prestar var med.

På det årlege haustretreatet på Holmely i Nordfjord var det berre sju prestar med. Det undrar oss at så få blir med, når bispedømet tek kostnaden, prostane legg til

rette for deltaking og prestane får høve til ei annleis veke med stilla, kvile, avspenning, fordjuping og påfyll.

Elles merkar vi ein aukande etterspurnad etter åndeleg rettleiing mellom kyrkjeleg tilsette i bispedømet. For å klare å imøtekome dette, tilsette Bjørgvin bispedøme i sitt desembermøte May Bente Matre i 40 prosent stilling som rådgjevar innan åndeleg rettleiing fra 1.januar 2011. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Haraldsplass.

## 2.9 Likestilling

### Resultatmål

*Motivere og leggje til rette for fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja.*

### Resultatindikator

*Kvinner i faste prestestillingar*

*Kvinner i stillingar som prost*

Kjønnsfordeling i %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		Øvrige stillinger	
	Kv.	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	16,6	83,4	9,1	90,9	15,2	84,8
Heiltids-tilsette	16,8	83,2	8,3	91,7	17,5	82,5
Deltids-tilsette	10,0	90,0	0	0	10,0	90,0
Gjennomsnittsløn (1000 kr)	452	465	547	581	449	455

**Tabell: Kjønnsfordeling presteskapet**

Delen kvinner i presteteneste i Bjørgvin har auka frå 2009 til 2010. Det vart tilsett elleve prestar i 2010, seks av desse var kvinner. Dette stadfestar bispedømerådet sitt mål om å auka talet på kvinner i presteteneste i bispedømet.

Kvinnenettverket samlast framleis til fagdagar, og ei av våre prestar skriv bok i samband med jubiléet i 2010.

Det var diverre ingen kvinner som søkte prosteembetet i Arna og Åsane prosti. Dette er ei utfordring for heile vår kyrkje, ikkje berre for Bjørgvin, sjølv om det i snitt er nesten like mange kvinnelege leiarar relativt sett, som i presteskapet elles på landsbasis.

## 2.10 Arbeidsvilkår

### Resultatmål

*Prestane skal sikrast gode arbeidsvilkår.*

### Resultatindikatorar

*Gjennomsnittleg sjukefråvær og gjennomsnittleg tal på feriedagar som ikkje er tatt ut*

Det gjennomsnittlege sjukefråværet auka frå 3,4 i 2009 til 5,1 i 2010. Blant kvinnene var det totale sjukefråværet på 12,3 prosent. Tre kvinner har hatt til dels lange sjukmeldingsperiodar i samband med graviditet. Ei anna kvinne har vore sjukmeld halve året grunna ei hovudskade. Med få kvinner i presteskapet, gjev dette relativt store utslag. Vi har også hatt lange sjukmeldingsperiodar grunna kreftsjukdom og psykisk sjukdom blant prestane. Dette trur vi forklarar store deler av den totale auken i sjukefråværet.

Personalpresten vår held god kontakt med dei som er sjukmelde, noko som gjer at dei får god oppfølging frå arbeidsgjevar si side. Likeeins er prostane i jamn dialog med desse, og dei er også med på møte med NAV.

Tal på feriedagar til gode pr 30.11. har auka frå 2,1 i 2009 til 3,5 i 2010. Noko av dette har truleg samanheng med lange sjukefråvær. Noko kan også skuldast eit presteskap der fleire treng tid til å innstilla seg på åtte veker fri pr år (ferie + seniordagar).

Tal på fridagar som ikkje er tatt ut pr 30.11 har gått ned frå 1,4 i 2009 til 1,1 i 2010. Vi er nøgde med gjennomsnittstalet, men veit at fleire prestar har mange fridagar dei

ikkje tar ut. Dette er eit kontinuerleg tema mellom prosten og dei det gjeld.

### Arbeidsmiljøundersøking

Det har vore fleire samlingar med fokus på arbeidsmiljø dette året, der både verneombod, lokale tillitsvalde og prostane har vore med. Arbeidsmiljøundersøkinga vart gjennomført ved hjelp av Questback. Dette vil vi halda fram med, det er eit godt verkty til å samanlikna resultata år for år. Verneombod og prostar har tatt eit felles ansvar for oppfølginga av denne.

Undersøkinga hadde også eit hovudfokus i samtalen mellom prostane og personalseksjonen i februar. Svarprosenten var for dårleg, dette må det jobbast målretta med. Det er semje om at dette er eit felles ansvar for prostar og verneombod. Alle spørsmåla vedkomande samarbeid scora jamt over høgt, det gjev godt håp for gjennomføringa av dei mange reformene som kjem.

Spørsmåla om opplæring og oppfølging får dårlegast score. Mange har vore på jobb når dei var sjuke, og sume får ikkje tatt ut avtalefesta fritid. Ei partssamansett gruppe har arbeidd med tema ”Ung i prestetenesta” og kjem med forslag til tiltak for å betra arbeidssituasjonen deira. Eit innføringsprogram for nytilsette er delvis ferdig. Vi vil utvida spørjeskjemaet til neste undersøking med oppfølgings-spørsmål dersom svaret er 3 el dårlegare. T.d. har dei fleste som har vore på jobb når dei var sjuke, ikkje vore i kontakt med prosten for å få vikar.

## 2.11 Leiing og samvirke

### Resultatmål

*Bispedømerådet, biskopen og prostane skal sikra god leiing av prestetenesta og leggja til rette for eit positivt samvirke mellom prestane, kyrkja sine valde organ og andre kyrkjeleg tilsette.*

### Resultatindikator

*Tal på prestar som har hatt medarbeidarsamtale*

Alle prestane (kanskje med eit par unnatak) har hatt medarbeidarsamtale med prosten, og alle prestane har hatt medarbeidarsamtale med biskopen.

Alle arbeidsplanane vert utarbeidde i det vi kallar for *prostemodulen* i dataverktøyet *Medarbeideren*. Dette gjev både prestar og prostar god oversikt og gjer store deler av arbeidstida føreseieleg. Alle prestane har kontaktmøte med styret for lokallaga, og møter også dei fleste kyrkjeverjene regelmessig. Prosten arrangerer konvent / fagdagar for alle kyrkjeleg tilsette i alle prosti. Arbeidsmiljøundersøkinga gjev jamt over god score for samarbeid også med andre tilsette enn prestar, med sokneråd og med fellesråd. Frå brukarundersøkinga bispedømekontoret gjennomførte, nemner vi: På ein skala fra 1 usamd – 6 samd, svarar eit gjennomsnitt av prestane 4,05 på påstanden: ”Eg opplever at bispedømekontoret si samhandling med prestane er god.” I 2007 var snittet 3,99.

## 3. Forvaltning

### 3.1 Tilskotsforvaltning

#### Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk

Bjørgvin bispedømeråd fekk totalt tildelt kr 12 141 000,- som er utbetalt til formåla diakoni, undervisning og kyrkjemusikk.

### 3.2 Økonomiforvaltning

#### Kyrkjeleg administrasjon

Tildelinga til kyrkjeleg administrasjon var på kr 12 991 000,-. Netto mindreutgift var kr 545 804,-. Dette ligg innanfor 5 prosent av tildelinga og vi søker om å få dette overført til 2011. Mindreforbruket skuldast i stor grad vakanse i stillingane som stiftsdirektør og rådgjevar trusopplæring,

samt langtidssjukefråvær utan vikar i dei aktuelle stillingane.

#### Presteskapet

Presteskapet fekk ei total tildeling på kr 103 870 000,-. Rekneskapen vart gjort opp med eit meirforbruk på kr 877 153,-. Dette betyr at vi har redusert meirforbruket med i overkant av ein halv million kroner. Dette er ei innsparing vi har hatt bruk for, og den er m.a. eit resultat av manglande vikarar ved sjukefråvær. Vi arbeider med å effektuera bispedømerådet sitt vedtak om å redusera talet på årsverk med tre stillingar.

#### Trusopplæring

Total tildeling var på kr 18 278 000,-. Rekneskapen syner eit mindreforbruk på kr 47 740,- som skuldast tilbakehaldne mentormidlar til Fana prosti. Vi søker om å få desse midlane overførte til 2011.

#### Kultur

Det vart tildelt kr 731 000,- til kultur i 2010. Netto mindreutgift vart kr 35 682,- og skuldast redusert stilling i første halvår. Dette er innanfor 5 prosent av tildelinga, og vi søker dette overført til 2011.

### 3.3 Miljøarbeid

Bispedømekontoret er sertifisert som miljøfyrtårn. Vi har også ei målsetjing om å bruka tog ein veg på reiser til Oslo.

### 3.4 Bispedømekontoret

#### Kommunikasjon og samfunnkontakt

Nettsidene og meldingsbladet Stiftsnytt er saman med fellesutsendingar på e-post dei viktigaste kanalane bispedømekontoret brukar i sin massekommunikasjon.

Nettsidene <http://kyrkja.no/bjorgvin> har omlag tilsvarande besøkstal som i 2009. Ved årsskiftet hadde vi over 800 faste abonnentar på nytt frå nettsidene. Dette er i hovudsak tilsette i kyrkjelydane, soknerådsmedlemer og media. Ledige

stillingar og sokjarlister er av dei mest besøkte sidene.

Stiftsnytt kom berre ut med ei utgåve i 2010 på grunn mange andre oppgåver. Prestetenesta var hovudsak i det bladet.

### **Brukarundersøking**

Det vart i 2010 gjennomført ei brukarundersøking via Questback om kommunikasjonen og sakshandsaminga til bispedømekontoret. 93 prestar (53 prosent av prestane) og 108 lokalt kyrkjeleg tilsette svarte på spørsmåla.

Bispedømekontoret får gjennomgåande høg score på dei fleste områda. I høve til ei tilsvarande undersøking i 2007, er det få endringar. Kommunikasjonsstrategien frå 2004 hadde som mål at 85 prosent av brukarane skal vera nøgde med informasjon og rettleiing frå bispedømekontoret. Brukarundersøkinga viser at kontoret scorar mellom 80 – 88 prosent på aktuelle variablar som indikerer kor nøgde dei er.

### **Kommunikasjonsstrategi**

I 2010 vart det gjennomført ein revisjon av kommunikasjonsstrategien (endeleg vedteken av bispedømerådet i februar 2011). Den reviderte strategien legg meir vekt på dei ulike rollene til bispedømerådet og biskopen, der biskopen er den som

lettast kan nå ut til fleire enn dei kyrkjeleg tilsette og rådsmedlemene. Denne utoverretta kommunikasjonen blir støtta av at biskopen sidan slutten av desember har vore å finna på Facebook, Twitter og med sin eigen blogg – ”Halvorspraten”.

**facebook**



### **Arbeidsmiljø**

Bispedømekontoret gjennomfører årlege medarbeidarundersøkingar. Undersøkinga i 2010 avdekkja ikkje nokon alvorlege

problem. Arbeidsmiljøet er likevel prega av mange oppgåver under stort tidspress. Mange tilsette har oppgåver utanfor huset, og det kan vera vanskeleg å finna tid til å møtast ofte nok. Kontoret er sårbart når det blir sjukefråvere, noko det har vore ein del av i 2010. Dette fråveret kan ikkje seiast å vera arbeidsrelatert.

<b>Kjønnsfordeling i %</b>	<b>Totalt</b>		<b>Leiarstillingar (Prostar)</b>		<b>Øvrige stillinger</b>	
	Kv.	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
<b>alle tilsette</b>	57,5	42,5	25	75,0	66,6	33,3
<b>Heiltids-tilsette</b>	56,0	44,0	25	75	66,6	33,3
<b>Deltids-tilsette</b>	66,6	33,3	0	0	66,6	33,3
<b>Gjennomsnittsløn (1000 kr)</b>	417	523	518	647	406	444

**Tabell: Kjønnsfordeling bispedømekontoret**

### **IT**

Ein spesialutvikla ”prostimodul” av dataverktøyet ”Medarbeideren” er som nemnt teken i bruk i alle prosti. Den vert nytta til arbeidsplanlegging for prestane.

Etter tilråding frå departementet sin rådgjevar vart mange gamle PC’ar bytta med nye i 2010. OVF si oppgradering sette krav som den gamle maskinvara ikkje kunne innfri, og kontoret hadde midlar til å kjøpa nyt. Bærbare PC’ar er valt til dei som har mykje arbeid utanfor huset.

Bjørgvin vart valt som ein av pilotverksemndene til SSØ sitt prosjekt ”Elektronisk datafangst”.

Dei fleste prestane er inne på ny telefonavtale, noko som gjer at beredskapsordninga skal bli lettare å administrera både for bispedømekontoret og prostesekretærane.

### **3.5 Forvaltning knytt til kyrkjer og kyrkjegardar**

**I 2010 har biskopen hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer.**

Ombygging av kyrkjer	9
Bygging nærmere kyrkja enn 60 m (motsegn i ei av desse sakene)	4
Godkjenning av orgel/flygel	5
Søknad om røysterett i anna sokn enn der ein bur	2
Kyrkjekstil	10
Endringar i interiøret	10
Kunstnarleg utsmykking	10
Benker/stolar	8
Tekniske installasjonar	15
Andre saker	5

**I 2010 har Bispedømerådet hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov.**


Løyve til sokn om å få ta opp lån	5
Godkjent sal av kyrkjeleg eigedom	1
Omregulering/endring av kyrkjegardar	10
(Ei av sakene gjeld namna minnelund – eitt minnesmerke for mange graver)	
Bygg på kyrkjegard	1
Kyrkjegardsvedtekter	2
Fråsegn til kommunale planar	15
Godkjenning av søknad om disp. frå forskriftene § 23 om storleik på gravminne.	1
Klagesaker, alle fekk avslag.	3

### **3.6 Bispedømerådet**

Bjørgvin bispedømeråd har i 2010 hatt 8 møte. Til saman handsamarådet 113 saker.

Bergen, 28. februar 2011

Magne Skjeldal (s)  
leiar Bjørgvin  
bispedømeråd

 Halvor Nordhaug (s)  
biskop

 Gunvor Taule Mjanger  
fung. stiftsdirektør

# **Vedlegg**

Gjennomført program for biskopen 2010

Nøkkeltal – kyrkjeleg statistikk for bispedømet

Etatsstatistikk

Aktivitet i kapellet i Bergen fengsel

## **GJENNOMFØRT PROGRAM FOR BISKOPEN I BJØRGVIN 2010**

### Presteordinasjoner

Gun-Frøydis Unneland i Bønes kirke  
24. januar

Eivind Kråvik i Fana kirke 20. juni

Mia Ottesen i Johanneskirken 29.  
august

May Irene Wergeland i Alversund  
kyrkje 21. november

Hildegunn Isaksen i Johanneskirken  
19. desember

### Bispedømerådsmøte

9. - 10. februar

16. mars

20. april

25. mai

23. august

28. september

2. november

7. desember

### Bispemøte

25. januar – 1. februar i Jerusalem

22. – 25. mars

14. – 16. juni

18. – 22. oktober

### Kyrkjemøte

14.-21. november

### Visitas

17. – 21. februar: Sælen

21. – 25. april: Os

29. sept. – 3. oktober: Bremanger

3. – 7. november: Luster

1. – 5. desember: Sveio

### Stiftsturné

14. januar: Vesthordland

23. januar: Midhordland

6. februar: Sunnfjord

13. februar: Nordhordland

### Prostemøte

31. mai

23. – 25. august

4. – 7. oktober i London

### Kyrkjejubileum

23. mai: Første pinsedag. Ålfoten  
kyrkje i Davik 400 år

### Andre arrangement og hendingar:

*Ved fungerande biskop Jan Otto*

*Myrseth:*

2. september: Urnes stavkyrkje opnar  
etter restaurering. Gudsteneste

7. – 9. september: Misjonskonferanse i  
Oslo

*Ved biskop Halvor Nordhaug:*

1. januar: Mottaking for prestar i  
Åsane kyrkje

4. februar: Fagdag i Bergen om  
kyrkjelydsbygging. Med Pat Kiefert og  
Pat Taylor Ellison, Church innovation  
i Minneapolis og Harald Hegstad, MF.

25. februar: Nærkirkearbeit.  
Fagseminar på Haukås i Åsane.

27. februar – 2. mars: Reise med  
Kirkens nødhjelp til Bangladesh

11. mars: Deltok på fylkesmann Svein  
Alvsaker si avskilsmottaking.

17. mars: Styringsdialogmøte med  
departementet.

18. – 19. mars: Pastoralt leiarkurs for  
prestane i Bergen.

21. mars: Vigsling av domkantor Kjetil  
Almenning

4. april. Første påskedag -  
høgtidsgudsteneste i Bergen domkirke

8. april: Rekrutteringsdag – NLA
10. april: "Tåler Gud et sant menneske?" - seminar på Haraldsplass
12. april: Besøk av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjeminister Rigmor Aasrud
28. – 29. april: Stabstur til Selje
1. mai: Gudsteneste i Odda
20. mai: Møte med frimurerlosjen i Bergen
30. mai Vossakyrkjemesse
1. - 3. juni: Stiftsmøte i Balestrand
13. juni: Avskilsgudsteneste for prost Magne Utle i Åsane kyrkje
20. juni: Voss cup – Gudsteneste
28. - 30. juni: Nordisk bispemøte, Århus
9. august – 13. september:  
Studiepermisjon
19. september: Vigsling av diakon Kåre Fauske – Gaula
14. september: Korleis bør kristne forhalda seg til konflikten i Midt-Austen? Ope seminar.
17. september: Misjonsgudsteneste i Bergen domkirke
10. september: Bjørgvin kirkeakademi.  
Tema: 12 biskoper - ingen mening
27. oktober: Møte med Åpen kirkegruppe i Bergen.
9. desember: Fagdag for kateketar
25. desember: Gudsteneste i Bergen domkirke.

Bjørgvin bispedøme - NØKKELTAL 2010 (tala i rad 2 viser til skjema for kyrkjeleg årsstatistikk)

	Døpte	Delt.sønd.gudst. dst.	Delt.andre gudst. totalt	Delt.gudst. dst.	Søndagsgu dst.	Andre gudst. st.	Nattverdsgud st.	Nattverd- deltakarar	Gudst. tot.	Gj.snitt.gu dst.	Gj.snitt. hovudgudst.	Gj.snitt nattverd	Konf.tot.	Offer tot.	Innmelde	Utmelde	Vigslar
	3.1	4.A.1b	4.A.2b		4.A.1a	4.A.2a	4.C.1a	4.C.1b				3.3	11.1a	2.1	2.2	3.4	
Bergen domprosti	383	45991	12138	58129	533	599	647	21689	1132	51	86	34	187	1283627	11	126	152
Arna og Asane prosti	511	56153	13718	69871	415	139	219	12060	554	126	135	55	543	1427876	2	57	72
Fana prosti	762	75612	22151	97763	493	256	348	20045	749	131	153	58	907	1804537	19	117	130
Laksevåg prosti	393	34864	12104	46968	329	118	260	8874	447	105	106	34	488	883279	9	61	58
Midhordland prosti	324	35626	7063	42689	331	69	166	6451	400	107	108	39	305	1070300	2	23	52
Vesthordland prosti	636	57892	21538	79430	472	269	375	13381	741	107	123	36	700	1847227	15	81	129
Sunnhordland prosti	683	90577	22722	113299	817	273	444	17132	1090	104	111	39	689	2827738	16	70	147
Hardanger og Voss prosti	423	56004	12359	68363	695	172	353	10035	867	79	81	28	468	1704265	4	49	116
Nordhordland prosti	431	53186	13586	66772	562	199	327	10212	761	88	95	31	454	1657273	6	52	90
Ytre Sogn prosti	126	24346	2979	27325	422	68	213	3722	490	56	58	17	178	716210	2	8	41
Indre Sogn prosti	228	34479	4798	39277	449	58	204	3973	507	77	77	19	272	840695	5	26	65
Sunnfjord prosti	448	58320	10825	69145	572	111	289	9245	683	101	102	32	450	1614252	6	40	77
Nordfjord prosti	418	63964	9067	73031	725	97	281	7435	822	89	88	26	401	1604020	8	27	85
<b>SUM</b>	<b>5766</b>	<b>687014</b>	<b>165048</b>	<b>852062</b>	<b>6815</b>	<b>2428</b>	<b>4126</b>	<b>144254</b>	<b>9243</b>	<b>92</b>	<b>101</b>	<b>35</b>	<b>6042</b>	<b>19281299</b>	<b>105</b>	<b>737</b>	<b>1214</b>
2010	5766	687014	165048	852062	6815	2428	4126	144254	9243	92	101	35	6042	19281299	105	737	1214
2009	5866	687248	172852	860100	6878	2647	4329	150141	9525	90	100	35	6072	19560561	204	1297	1239
2009-2010	-100	-234	-7804	-8038	-63	-219	-203	-5887	-282	2	1	0	-30	-279262	-99	-560	-25

## Etatsrapportering 2010

**Bispedømme:**

**Bjørgvin**

### **1 TILSETTING, FRATREDEN OG LEDIGHET I STILLINGER**

a Antall ubesatte prestestillinger				2
b Antall utlyste prestestillinger				11
c ...herav stillinger som er lyst ut flere ganger				0
d Antall søknader til prestestillinger	Kvinner	Menn	Totalt	
40 år eller yngre	6	8	14	
41 -55 år	5	21	26	
56 år og eldre	1	4	5	
e Antall tilsatte	Kvinner	Menn	Totalt	
	6	5	11	

### **2 KOMPETANSEUTVIKLING OG LEDELSE (rapportering på faste stillinger)**

a Studiepermisjon med lønn	Kvinner	Menn	Totalt
Antall prester	13	67	80
Antall virkedager	116	419	535
b Etter- og videreutdanning via REU	Kvinner	Menn	Totalt
Antall søknader Kompetanserådet	1	11	12
Antall søknader andre opplegg	3	3	6
Innvilgede søknader Kompetanserådet	0	10	10
Innvilgede søknader andre opplegg	3	3	6
Antall deltagere Kompetanserådet	0	8	8
Antall med andre opplegg	3	3	6
c Antall prester som har hatt medarbeidersamtale			
Domprost/prost			12
Sokneprest			109
Kapellan			21
Andre prestestillinger			23
Sum			165
d Arbeidsveiledning (ABV-kompetanse)	Kvinner	Menn	Totalt
ABV-kompetanse	1	12	13
Deltagere ABV-tilbud	11	48	59
e Menighetsprester med spesialisert tjeneste			7
f Antall feriedager søkt overført til neste år			569
g Antall fridager som ikke er tatt ut i løpet av året			184
<b>3 PRESTEBOLIGER (rapportering på faste prestestillinger)</b>			
a Antall prester, fordelt etter boligordning			
OVF-bolig			47
Kommunal bolig			60
Fritak fra OVF-bolig			5
Fritak fra kommunal bolig			22
Ikke bolig-ordning			28
b Søknader om fritak fra boplikt (2010)			
Innvilgede søknader			3
Avslalte søknader			0
Ubehandlede			0
Sum			3

# Aktivitet i kapellet/prestetjenesten 2010 i Bergen fengsel.

<b>130 gudstjenester</b>	<b>2627 deltagere</b>
	Det er avdelingsvise gudstjenester. Hver avdeling får tilbud om gudstjeneste hver fjortende dag. Gudstjenestene er på kveldstid, søndager og hverdager, på faste dager for hver avdeling.
<b>11 katolske messer</b>	<b>309 deltagere</b>
	Gudstjenester veksler mellom å være på polsk eller engelsk. Prest og nonner fra Den katolske kirke i Bergen.
<b>5 gresk-ortodokse gudstj</b>	<b>42 deltagere</b>
	Gudstjenesten er for rumenere med rumensk prest
<b>7 samlinger på avd D</b>	<b>59 deltagere</b>
	Her deltar Indremisjonskirken i Åsane
<b>3 konserter i påsken</b>	<b>67 deltagere</b>
<b>4 julekonserter før jul</b>	<b>70 deltagere</b>
<b>2 sosiale samlinger i romjulen</b>	<b>39 deltagere</b>
<b>162 samlinger</b>	<b>3213 deltagere</b>

## I tillegg har det vært

**10 samlinger med innsatte i Åsane kirke**

**37 samlinger med Frelsesarmeens i kapellet.**

**1 juleavslutning med Frelsesarmeens i Kulturbygget for alle.**

Frelsесармейн har 4 grupper som går en gang i måneden til hver avdeling,  
ca annenhver uke

**2 engelskspråklig bibelgruppe**

**1 norskspråklig bibelgruppe**

**1 etikkgruppe hver uke i samarbeid med skolen**

**8 samlinger med Yrkesetiske retningslinjer for ansatte**

**5 samlinger med aspirantene**

## Enkeltsamtaler med innsatte er ikke tatt med

Bergen fengsel 20.01.11.

Stein Rune Ottesen